

# FOLKEBIBLIOTEK I HORDALAND 2006

## Om statistikkføringa

Vi har førebels ikkje fått tilgang til den nasjonale statistikken for 2006 og samanlikningar med landsgjennomsnittet blir derfor for 2005. Tal for 2005 blir presentert i parentes.

## OVERSYN

I Hordaland er det 66 (67) bibliotekavdelingar. Det er bokbuss i 9 (8) kommunar og fylket har ein bokbåt med i alt 53 (53) stoppestader fordelt på 21 kommunar. Dei mobile einingane har i alt 356 (326) stoppestader i fylket. Folketalet i fylket har gått litt opp til 452 611 (448 363), litt færre barn med 91 256 (92 609) og litt fleire vaksne med 361 355 (355 754). 20,2% (20,7%) av innbyggjarane i Hordaland er 14 år eller yngre.

## ØKONOMI

Medieløyvingane for 2006 gjekk litt opp til kr. 14 448 504 (13 328 277,-), noko som utgjer kr.31,92 (29,73) pr. innbyggjar. Landsgjennomsnittet pr. innbyggjar er i skrivande stund ikkje klart, men gjennomsnittet for Hordaland 2006 ligg over landsgjennomsnittet for 2005 som var på kr. 29,06.

Medieløyving pr. innbyggjar er eit tal som alltid varierer frå kommune til kommune. Modalen er som vanleg i ei særstilling med ei medieløyving på kr. 254,49 (254,85) pr. innb. Fedje har igjen fått auka sitt budsjett og trygga andreplassen sin med kr.146,26 (128,59) pr. innb., og Ulvik på tredje har ei medieløyving på kr. 98,53 (96,30) pr. innb.

Det er hyggeleg å sjå at det no er berre 3 (6) kommunar i fylket som løyvde indre enn kr. 20,- pr. innb. til mediekjøp. (Sjå Diagram 1 og 2)

I Hordaland blei det i gjennomsnitt løyvd kr. 238,89 (230,22) pr. innb. til drift av folkebibliotek i 2005. Det er vanskeleg å samanlikne løyvingar for drift mellom kommunane. T.d. betalar ikkje alle folkebibliotek husleige og dette gjer utslag i store forskjellar i løyvingar pr. innbyggjar til drift.




Diagram 1




Diagram 2

## PERSONALE

I Hordaland har 24 (25) kommunar av 33 fagutdanna biblioteksjef. Berre 19 (19) av 33 kommunar har biblioteksjef i full stilling.

Gjennomsnittleg årsverk pr. 1000 innb. for Hordaland heldt seg ganske stabilt og ligg på 0,37 (0,38). Dei to minste kommunane i fylket, Fedje og Modalen, har over eitt årsverk pr. 1000 innb. 8 (8) kommunar har mindre enn 0,3 årsverk pr. 1000 innb. Hordaland ligg framleis litt under landsgjennomsnittet for 2005 som var 0,39 (0,40).

## MEDIEBESTAND

Den totale tilveksten av bøker var i 2006 på 90 582 (99 702 ). Dette er ein tilbakegang frå 2005, men er likevel ein oppgang frå 2004.

I 2005 var den totale tilveksten av andre media på 24 255 (25 099). Den totale bestanden av lyd bøker i Hordaland ligg no på 42 766 (38 771), video/dvd på 39 732 (36 245), Cd-rom 2 923 (2 910) og musikkinnspelningar 55 070 (58 755).

## UTLÅN OG BESØK

Det totale utlånet ved folkebiblioteka i Hordaland gjekk ned frå 2005 til 2006. Totalutlånet for 2006 var på 2 552 200 (2 713 421). Utlånet pr. innbyggjar var på 5,64 (6,05), noko som er litt over det nasjonale gjennomsnittet for 2005 som var 5,41. (Sjå Diagram 3)

Bokutlånet gjekk litt ned i 2006. Det totale bokutlånet i var på 1 735 246 (1 814 911). Både bokutlånet til barn og vaksen gjekk litt ned. Bokutlånet for barn til 758 880 (779 196), medan utlånet av vaksen bøker falt til 976 366 (1 035 715). (Sjå Diagram 4)

Utlånet av andre media enn bøker gjekk tilbake og var i 2006 på 816 954 (898 510). Av dette utlånet står Bergen Off. Bibliotek for 581 153 (636 941), dvs. 71,1% (70,9%). Andre media enn bøker utgjør 7,9% (10,3%) av bestanden og står for heile 32% (33,1%) av utlånet.

I tillegg kjem 25 919 (23 506) utlån som vart gjort på bokbåten.

Talet på registrerte besøk i biblioteka har gått litt ned det siste året. I alt 2 267 725 (2 537 512) personar besøkte folkebiblioteka i fjor. 59,7% (62,1%) av desse besøka kom i Bergen. Talet på førespurnader gjekk litt ned til 312 682 (325 376).




Diagram 3




Diagram 4

## FJERNLÅN

For heile fylket var det totale innlånet frå andre bibliotek 18 096 (18 083) og innlånet pr. 100 innbyggjar er no 4,00 (4,03). Her er det igjen store forskjellar mellom kommunane. Som i fjor toppar Ulvik lista med 35,03 (35,64) innlån pr. 100 innb. Bergen ligg på den andre enden av lista med eit innlån på 0,54 (0,74) pr. 100 innb. Landsgjennomsnittet for 2005 var på 5,94. (Sjå Diagram 5)




Diagram 5

## IT OG INTERNETT

49 (54) bibliotekavdelingar av totalt 66 (67) avdelingar har Internett for publikum. Mellom desse er alle hovudbiblioteka utanom Askøy. Alle folkebiblioteka har egne heimesider med varierende innhald. 21 (27) kommunar har katalogen sin på Internett ved årsskiftet 2006/2007, men dei 2 siste har fått sine katalogar på Internett i løpet av våren 2007.

<b>OVERSIKT 2006</b>								
<b>MEDIEUTGIFTER</b>			<b>UTLÅN</b>			<b>BESØK PR. INNBYGGJAR</b>		
<b>PR. INNBYGGJAR</b>			<b>PR. INNBYGGJAR</b>					
<b>2006</b>	<b>KOMMUNE</b>	<b>Kr.</b>	<b>2006</b>	<b>KOMMUNE</b>	<i>Antal</i>	<b>2006</b>	<b>KOMMUNE</b>	<b>Besøk</b>
1	Modalen	254,49	1	Modalen	15,14	1	Modalen	18,74
2	Fedje	146,26	2	Odda	8,27	2	Odda	11,70
3	Ulvik	98,53	3	Ulvik	8,19	3	Fjell	7,47
4	Eidfjord	89,32	4	Osterøy	8,08	4	Osterøy	7,19
5	Masfjorden	67,93	5	Eidfjord	7,86	5	Kvam	6,92
6	Odda	62,70	6	Kvam	7,55	6	Fedje	6,52
7	Ullensvang	59,91	7	Granvin	6,90	7	Øygarden	6,24
8	Granvin	58,27	8	Øygarden	6,47	8	Ulvik	6,20
9	Kvam	51,66	9	Austrheim	6,32	9	Bergen	5,60
10	Austrheim	50,68	10	Kvinnherad	6,30	10	Fusa	5,09
11	Fusa	49,16	11	Bergen	6,28	11	Sund	5,01
12	Øygarden	48,07	12	Fusa	6,27	12	Askøy	4,67
13	Voss	45,91	13	Jondal	6,11	13	Jondal	4,54
14	Jondal	45,12	14	Fedje	5,88	14	Lindås	4,46
15	Osterøy	43,82	15	Masfjorden	5,53	15	Eidfjord	4,35
16	Etne	39,34	16	Bømlo	5,36	16	Kvinnherad	4,06
17	Austevoll	39,01	17	Lindås	5,17	17	Bømlo	3,70
18	Samnanger	34,69	18	Os	5,06	18	Os	3,64
19	Kvinnherad	34,10	19	Meland	4,97	19	Voss	3,12
20	Meland	33,99	20	Samnanger	4,81	20	Austrheim	2,93
21	Fitjar	33,09	21	Askøy	4,55	21	Stord	2,83
22	Lindås	32,74	22	Radøy	4,29	22	Meland	2,41
23	Bergen	30,71	23	Fitjar	4,14	23	Granvin	2,37
24	Vaksdal	30,01	24	Sveio	4,09	24	Radøy	2,05
25	Sveio	27,52	25	Vaksdal	3,97	25	Ullensvang	1,96
26	Radøy	25,35	26	Voss	3,89	26	Fitjar	1,86
27	Bømlo	24,24	26	Ullensvang	3,76	27	Samnanger	1,83
28	Tysnes	23,61	28	Fjell	3,61	28	Etne	1,76
29	Askøy	22,99	29	Etne	3,59	29	Tysnes	1,43
30	Fjell	20,35	30	Stord	3,33	30	Masfjorden	1,39
31	Sund	18,68	31	Sund	3,14	31	Austevoll	0
32	Os	17,69	32	Austevoll	2,27	31	Vaksdal	0
33	Stord	16,65	33	Tysnes	1,27	31	Sveio	0

Landsgjennomsnitt: 2005  
29,06

Landsgjennomsnitt:2005  
5,53